

NVE

Innsendt dato: 14.08.2014

Referansenummer: FJYECV

Innsending av h yringsfr segn

Saksopplysningar	
NVE sitt saksnr.:	200905051
Sakstittel	Mj�vatn kraftverk
H�yringsfr�segn fr�:	Privat person

Personopplysningar	
Navn	Kirsti Skrattegard og Geirmund Tormodsgard
Telefon	48127932
Adresse	Nersetvegen 74
Postnr	3570
Poststad	�l
E-post	skratteg@online.no

Høyringsfråsegn

Høyringsfråsegn

Høyringsmoment til konsesjonsøknadane frå E-Co og Mjåvatn Kraftverk

På informasjonsmøte på Bygdahall informerte NVE om at revidering av konsesjonsvilkåra for Holsreguleringer som vedkjem desse utbyggingane vil bli handsama saman med konsesjonssøknadane.

I konsesjonen for Holsreguleringen er det ikkje noko reglement for korleis vatna skal fyllast/tappast. Dette er svært viktig at kjem på plass no. Straum er ei rein handelsvare der marknad og pris i Norge og Europa produksjon. I konsesjonen E-Co har i dag kan dei fritt nytte botnmagasinet i Stolsvatnet på 60 mill m3. Ved ein auka bruk av botnmagasinet vil dette føre til seinare fylling av Stolsmagasinet og Rødungen.

Mange av vatna (Buvatn, Riskevatn, Svaravatn, Geitevatn, Bjønsenn, Stolstjødn) er grunne. Mykje av områda som vart neddemmt er store og grunne og mykje myr. Ved seinare fylling vil dette kunne føre til svikt i næring for fisken. Ein stor del av næringsproduksjonen i eitt vatn skjer i grunne område og for næringsdyra er rask fylling og deretter stabil vasstand viktig for å oppnå god produksjon. Seinare fylling fører og til at utøving av fiske blir vanskeleg. Eg driv næringsfiske fiskar med 40-50 garn. For å få til eitt rasjonelt fiske må ein kome til land nær båthus for å få hengt opp garn. Bæring av våte garn i blaut myr... fy! Det er og heilt klart dårlegare fiske når vatnet blir tappa ned, enn når vasstanden er konstant. Det er og eit viktig moment i tillegg til næringsfiske at fiske er viktig for dei som leiger ut vatna sine. At ein ikkje tappar og at fiske blir dårlegare. Mange leiger i dag ut fiske og det er eit viktig for dei. Godt fiske= lettare å leige ut fiske.

Rapportane konkluderer med at desse utbyggingane vil få liten eller ingen negativ konsekvens for fisken. Dessutan er Stolsmagasinet avhengig av utsett fisk uansett. Det er rett at Stolsmagasinet er avhengig av utsetting då dei flotte gyteelvane mellom dei opprinneleg vatna er borte, men det er framleis noko naturleg reproduksjon. Det er ein betydeleg gytevandring til elevane Mjølga, lungsdøla og Stolsåne. Vatna nær desse elvane har ein langt høgare andel av "villfisk" enn resten av magasinet. Eg meiner det er viktig å ta vare på og legge til rette for naturleg rekrutering. Utsettingspålegget er i dag at det skal vera fisk av lokal stamme. Fylkesmannen har uttala at Stolsmagasinet kan nyttast som lokal stamme for store delar av Hallingdalsvassdraget. Det har i mange år vorte fiska stamfisk i Stolsmagasinet og levert rogn til anlegget i Hovet. Ved stamfiske er det og svært viktig at magasinet ikkje blir tappa. Vår erfaring er langt

mindre gytefisk ved tapping. Me fiskar med ruse ved Mjølga og lungsdøla, desse blir tømmt to gonger i veka. Ved tapping er det svært liten fangst i rusene. Me har og fiska med elapparat i elva ved tapping og det er svært lite fisk. Gyting i Stolsmagasinet foregår i oktober, med "gytetopp" frå 20. oktober. I dag har med ein god dialog med E-Co for å kunne få ei stabil vannstand ved stamfiske. Men det er viktig å få reglar for dette. Rogn frå Stolsmagasinet er avgjerande for å halde "liv i" fiskeanlegget i Hovet. For å kunne få fisk av lokal stamme, må det vera eitt lokalt anlegg som kan produsere utsettingspålegget, (jfr kultiveringsoner)

Området er viktig for turisme. Utleige av hytter og fiske, rekreasjon, turisme (lungsdalshytta DNT) eit neddemt Stolsmagasin er eitt stort sår i landskapet og forringar naturopplevinga i dette flotte området.

Ut frå dette er det viktig med reglar for bruk av vatnet i Stolsmagasinet.

Forslag til reglar:

- 1.Høgste reg vannstand (hrv) inna 10. juli
- 2.Hrv frå 10. juli - 31. oktober
- 3.Kun tapping utover tilsig for å hindre flaum 10. juli - 31. oktober.
- 4.50% dvs 30 mill m³ av botnmagasinet i Stolsvatnet skal ikkje brukast i normalår. Botnmagasinet kan nyttast i tørrår når fyllingsgraden i Sør Norge er under x % pr 1. mars ??

Desse momenta er like viktig for begge konsesjonsøknadane.

E-Co Vannkraft legg opp til å nytte meir av botnmagasinet i Stolsmagasinet ved bygging av ny tunell. Dersom dei ikkje får konsesjon, vil botnmagasinet bli nytta i same omfang, med tapping via Greinefoss?

Fiske i Strandavatn er utfordrande. Vatnet blir ofte ikkje fylt i løpet av sommaren. Det fører etter vår meining til næringsstap for fisken, strandsona blir då "ørken". Ved å få etablert eit botnmagasin, som blir nytta i spesielle år, vil ein kunne få fylt opp vatnet årleg.

Ål 14.08.14

	Geirmund TormodsgardKirsti Skrattegard
H�yringsfr�segn vedlegg	Ikke angitt
Annan relevant informasjon	Ikke angitt
Vedlegg av bilete og kart	